## Takk for invitasjon til frokostmøte 16. November

Austrheim kommune og organisasjonen Neptun har i godt samarbeid med NGIR i 2017 gjennomført strandrydding i store deler av kommunen:

-Totalt 489 øyar/holmar og skjer

-433 km strandlinje

-3000 innbyggjarar

-To grunnskular og to barnehagar

-Austrheim vidaregånde skule

-Knarvik vidaregåande skule

# Strandrydding i Austrheim kommune



Foto: Helge Dyrkolbotn

Neptun Pensjonistklubb har teke initiativ til ein storaksjon mot plastforureining i strandsona. Medlemmane i Neptun ser for seg at dei kan ha eit koordineringsansvar i forhold til lag, organisasjonar og enkeltpersonar som ønskjer å delta i ryddedugnaden i skjergarden.

Ein planlegg at ryddeaksjonen skal gjennomførast i perioden 1. april til 1. oktober. I område med hekkande fugl, vil ein rydda i tida frå 1. april til om lag 1. mai og etter hekkesesongen er over. I område utan hekkande fugl, kan ein rydda i heile perioden frå 1. april til 1. oktober.

Neptun har alt sett i gang ei kartlegging av skjergarden i kommunen og merka av fjærer og strender som er mykje forsøpla. For å sikra at ryddeaksjonen vert effektiv, kan ein kontakta Neptun for å avtala ryddeområde.

Neptun har alt hatt fleire møte med NGIR for å få til ei effektiv innsamling og transport av plast som vert rydda opp. Det vil bli etablert hovudstasjonar for innsamla boss på næringsområdet på Langøy, Stavsundholmen og Molokaien på Fonnes. På desse stadane vil NGIR plassera ut konteinarar. NGIR deler også ut søppelsekkar og storsekkar som kan nyttast til plastinnsamlinga. Desse kan ein få på gjenbruksstasjonen på Litlås, på servicekontoret på kommunehuset og hjå Håkon Sætre i bua i Budalen. Der er det også lagra jernriver og greiper.

Når ein har fylt opp ein storsekk med plast, må ein lukka denne skikkeleg slik at bosset er sikra mot vind og vêr. Storsekkane kan ein anten transportera til ein stad der bossbilane til NGIR kjem fram, eller melda frå til Neptun. Dei har avtale med Jan Øksnes som vil nytta M/S «Evjegris» til å henta innsamla boss og transportera dette til ein av hovudstasjonane.

Neptun samarbeider med alle skulane og barnehagane i kommunen om ryddeprosjektet. Dei har også avtalar med ei lang rekkje småbåteigarar som vil hjelpa til med å transportera elevar og andre ut til ryddeområda. Dersom ein treng hjelp til transport, kan ein ta direkte kontakt med båteigarane. Fonnes Båtservice as vil også hjelpa Neptun med transport av utstyr og personell.

Frivillige som er med på ryddeaksjonen, må kle seg i forhold til vêr og arbeid. Ta gjerne med eigen redningsvest. Mat og drikke må ein også ta med seg.

NGIR ønskjer å kartleggja kva område som blir rydda og kor mykje boss det er på dei ulike områda. Dei har derfor laga ei eiga nettside der dette kan registrerast. Denne finn ein på NGIR si heimeside, http://ngir.no, eller på http://a3.nordhordlandskart.no/ngir_strandrydding. Her kan ein både registrera mengde, melda frå om kor bosset står og markera i kart kva område ein har rydda. Me oppmodar alle å nytta denne nettsida for å registrera eigne ryddeaksjonar, men viss ein ikkje har høve til dette, kan ein senda e-post med opplysningar om ryddeaksjonen til post@austrheim.kommune.no, så vil servicekontoret ta seg av registreringa.

Sjå elles vedlagte skriv frå NGIR.

Beste helsing

Idar Hopland
Leiar Neptun Pensjonistklubb

Per Lerøy
Ordførar Austrheim kommune







# Vil du vera med og rydda i strandsona?

Etter nyheita om gåsenebbkvalen som hadde 30 plastposar i magen, har mange fått auga opp for den store mengda plast i naturen og nærmiljøa.

Publisert 27. februar 2017 av Helge Dyrkolbotn | Oppdatert 27. februar 2017

Her finn du informasjon om du er ein av dei som ynskjer å vera med å rydda.

Dei som ynskjer å rydda i strandsona kan henta plastsekkar på gjenvinningsstasjonen på Litlås i opningstidene måndag kl. 13.00 – 19.00 og laurdagar kl. 09.00 og 15.00 eller i resepsjonen til NGIR i Kjevikdalen alle kvardagar. Det er også mogleg å nytta vanlege, svarte plastsekkar.

Det er viktig at alle som har tenkt å rydda tar kontakt med NGIR på tlf. 56 34 33 10 for å avtala henting eller levering av avfallet frå strandryddinga.

Gå saman med naboen din, hyttegrenda, velforeningar, eller engasjer venegjengen til ein real stranddugnad

Link til Miljødepartementet si søknadsside

Kontakt oss
Vakttelefonar
Postlister og innsyn
Ledige stillinger
Kommuneplan
Næring

Austrheim kommune

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim
Tlf: 56162000
Faks: 56162001
post@austrheim.kommune.no
Org.nr.: 948 350 823

Austrheim
- opne landskap, ope sinn
Ansvarleg redaktør: Jan Olav Osen

## Strandryddingsmøter våren 2017

| Dato | Tidspkt. | Stad | Deltakarar | Timar |
|---|---|---|---|---|
| 23.02. | 1030 – 1200 | Kommunehuset. Ordførarkontor | Per Lerøy, Idar Hopland | 3,0 |
| 27.02. | 1300 – 1500 | Kommunehuset. Asbjørns kontor | Asbjørn Nagell Toft, Idar | 4,0 |
| 01.03. | 0930 – 1200 | Asbjørns kontor | Asbjørn, Idar | 5,0 |
| 01.03. | 1800 – 2000 | Kommunehuset. Kantina | Per L., Malvin, Ottar, Håkon, Atle, Jan F., Arne L., Jan Ø., Idar | 18,0 |
| 06.03. | 1100 – 1230 | NGIR Kjevikdalen | Siv Merete Vedå, Erlend Kleiveland, N.N., Idar | 6,0 |
| 06.03. | 1430 – 1600 | Asbjørns kontor | Asbjørn, Idar | 3,0 |
| 08.03. | 1800 – 1930 | Kantina | Per L. Asbjørn, Erlend K. (NGIR), Malvin, Håkon, Ottar, Atle, Jan Ø., Egil B., Jan F., Thor-Ove, Idar | 18,0 |
| 09.03. | 1030 – 1130 | Asbjørns kontor | Asbjørn, Idar | 2,0 |
| 14.03. | 1300 – 1430 | Kantina | Per, Asbjørn, Håkon, Ottar, Atle, Jan Ø., Jan F., Egil B., Malvin, Idar | 15,0 |
| 15.03. | 1500 – 1630 | Seniorsenteret | Håkon, Ottar, Atle, Jan Ø., Thor-Ove, Malvin, | 10,5 |
| 17.03. | 1000 – 1200 | Kantina | Asbjørn, Kjell Tore, Idar (Budsjettmøte) | 6,0 |
| 30.03. | 1300 – 1500 | Kantina | Per, Asbjørn, Gudrun (BOF), Håkon, Ottar, Atle, Jan Ø., Jan F., Egil B., Malvin, Idar | 22,0 |
| 31.03. | 1300 – 1500 | Seniorsenteret | Håkon, Ottar, Atle, Jan Ø., Egil B., Idar | 12,0 |
| 03.04. | 1100 – 1200 | Årås Skule | Gunn Håland Dyrkolbotn, Hanne Daae, Håkon, Idar | 4,0 |
| 05.04. | 1100 – 1200 | Austrheim Vidaregåande Skule | Kjersti Haugland, (avg. rektor)Kjersti Daland Ness, (ny rektor) Sigbjørn Tresvik, (rådgjevar),Idar | 4,0 |
| 20.04. | 1100 – 1200 | NGIR | Siv Merete, Erlend, Idar (Konteinerplan) | 3,0 |
| 28.04. | 1100 – 1130 | Årås Skule | Gunn, Idar | 1,0 |
| 03.05. | 1430 – 1630 | Kantina | Per, Asbjørn, Håkon, Ottar, Atle, Jan Ø., Jan F., Arne L., Egil B., Malvin, Idar | 22,0 |
| 22.05. | 1030 – 1130 | Kommunehuset Møterom | Per, Asbjørn, Idar | 3,0 |
| 29.05. | 1100 – 1200 | Kommunehuset Møterom | Per, Asbjørn, Idar | 3,0 |
| 06.06. | 1330 – 1530 | Kantina | Gudrun (BOF), Rune Gaasø (Clean Shores), Per, Asbjørn, Håkon, Ottar, Atle, Jan Ø., Jan F., Malvin, Idar | 22,0 |
| 15.06. | 1330 – 1530 | Kantina | Per, Asbjørn, Håkon, Ottar, Atle, Jan Ø., Jan F., Arne L., Egil B.,Idar | 20,0 |
| | | | **Medgått tid, timar** | **206,5** |


JOAB
5429
NGIR
NGIR


JOAB
NGIR


6571

**Referat frå møte om strandrydding juni 2017.**

**Dato/stad:** Fredag 23.06.2017, kl. 08.30 i Kjevikdalen

**Til stades:** Bente Hervik Kopperdal (Radøy kommune), Per Ole Ekker (Lindås kommune), Asbjørn Toft (Austrheim kommune), Idar Hopland (Neptun Pensjonistklubb) Gudrun (BOF) Henrik Kjøpstad (NGIR) og Siv-Merete Vedå (NGIR)

**Strandrydding**

Det har vore ekstra stort engasjement kring strandryddinga i vår, etter all merksemda som har vore på denne problematikken etter at ein gåsenebbkval med magen full av plast stranda på Sotra. Den store innsatsviljen frå folk er veldig positiv, men det har og ført til mykje arbeid for NGIR. (Informasjon, koordinering, utdeling av hanskar og sekkar, ut- og inntransport av konteinarar, avtale om henting av avfall, diverse registreringsarbeid m.v.) NGIR betaler ikkje for sjølve ryddearbeidet, det vert gjort av friviljuge på dugnad, men det er kostnader knytt til utstyr, konteinarar, transport og vidare handsaming av avfallet (som i all hovudsak er restavfall). Kostnadene skal ikkje dekkast over renovasjonsgebyret frå hushald og hytter, men vert dels dekka av inntekter NGIR har frå næringsavfall, og dels frå ekstra midlar som det vert søkt om frå Miljødirektoratet.

**Opplysningar frå NGIR:**

* NGIR har frå 2017 i samarbeid med Avinet utvikla eit eige kartlag for registrering av strandrydding. Dei friviljuge registrerer og teiknar sjølv inn området det ynskjer å rydda for marint avfall.
*  NGIR er i dialog med Havforskingen om å dele informasjon i kart (dette er no på plass).
* Jobbar med å utvikla ein app som vil registrera og trekke opp områda kvar enkelt ryddar (appen er i bruk på andre områder i NGIR sitt system og vil òg prøva å få denne på plass for bruk i strandryddetema).
* Pr 23.06.2017 har me registrert 120 strandryddeaksjonar.
* Pr.23.06.2017 er det samla inn ca. 37.5 tonn avfall frå strandrydding (pr. 08.08.17: -50,705 tonn).

## Sein nedbryting..




Miljødirektoratet

## Plastic whale(s)

**A whale is found dead with more than 30 PLASTIC BAGS in its stomach – and experts say it's 'not surprising'**

- The whale had been put down by wardens off the coast of western Norway
- Researchers dissected its stomach and found huge amounts of plastic
- The whale was also emaciated with little blubber suggesting it was malnourished

By SHIVALI BEST FOR MAILONLINE
PUBLISHED: 17:21 GMT, 2 February 2017 | UPDATED: 21:17 GMT, 2 February 2017

Share 20k shares 43 View comments

Researchers in Norway were in for a shock when they discovered more than 30 plastic bags and other plastic waste inside the stomach of a whale.

The whale, which had been put down by wardens off the coast of western Norway, had clearly consumed a huge amount of non-biodegradable waste.

Despite the grisly findings, researchers say that the plastics found in the whale are 'not surprising', as the amount of waste in the seas continues to grow.



Researchers dissected the whale's stomach and found huge amounts of plastic, including over 30 plastic bags from Denmark and the UK

**Whale killed by plastic waste linked to British supermarkets**

THE death of a sperm whale that washed up on Spain's south coast has been linked to British supermarkets after it was found to have swallowed 37 pounds (17kg) of plastic waste dumped into the sea.

By CHARLOTTE MEREDITH
PUBLISHED: 13:13, Mon, Mar 11, 2013

SHARE TWEET 181 2


Marine biologists examine the dead sperm whale on the Spanish coast

The waste had reportedly been dumped by farmers who tend greenhouses that provide produce for British supermarkets.

Shocked scientists found the incredible amount of garbage, totaling nearly three stone, blocking the whale's stomach – including some 30 square metres (36 square yards) of plastic canvas.

"We quickly realised that it had a real greenhouse inside its stomach," Renaud de Stephanis, a marine biologist at the Donana Biological Station said.

"We did not expect it, but it did not surprise us," he added.

The plastic blocked the 4.5 tonne animal's stomach and killed it, according to the researchers from the Doñana national park research centre in Andalusia.

"It was as if it had a rock inside its intestine, nothing could get through. There was so much plastic that it finally exploded," de Stephanis said.

They found the plastic protruding through a tear in the whale's stomach, which contained two dozen pieces of transparent plastic, some plastic bags, nine metres of rope, two stretches of hosepipe, two small flower pots and a plastic spray canister.

Neptun Pensjonistklubb
Kvalvågen 76
5943 Austrheim

Trondheim, 02.06.2017

| Deres ref.: | Vår ref. (bes oppgitt ved svar): | Saksbehandler: |
|---|---|---|
| 17010796 | 2017/2774 | Martinsen, Mari Kristin |

# Avslag på søknad om tilskudd - Strandrydding i Nordhordland og Gulen - Avtalenummer 17010796

Det vises til deres søknad om tilskudd av 01.03.2017 med referansenummer 17S49F23 til "Strandrydding i Nordhordland og Gulen". Det er søkt om et tilskudd på kr 493 500. Miljødirektoratet har behandlet søknaden, og avslår å gi tilskudd til dette tiltaket.

Miljødirektoratet viser til utlysningen av tilskuddsordningen på Miljødirektoratets nettside. Potten på tilskuddsordningen i 2017 var på 35 millioner kroner, og formålet er å forebygge og redusere marin forsøpling i Norge.

Engasjementet for dette temaet er enormt, og Miljødirektoratet mottok i år 206 søknader for til sammen i overkant av 200 millioner kroner. Følgelig ble nåløyet for å få støtte svært trangt.

Deres søknad når derfor dessverre ikke opp blant de tiltakene vi støtter i år.

Til informasjon er Hold Norge Rent innvilget en refusjonsordning som skal dekke kostnader knyttet til transport og behandling av marint avfall. Det vil derfor fortsatt være mulig å få refundert kostnader i forbindelse med strandrydding. Se deres nettside: www.holdnorgerent.no for mer informasjon.

I tillegg bevilger Innovasjon Norge støtte til utvikling av miljøteknologi i samarbeid med Miljødirektoratet - med et fokus på marin forsøpling, og vi oppfordrer til å søke hos dem, se mer her: http://www.innovasjonnorge.no/plast

Dette avslaget er med forbehold om at det i forbindelse med revidering av nasjonalbudsjett er foreslått å bevilge ytterligere fem millioner kroner til denne ordningen. Da vil vi på nytt vurdere prosjekter som har fått dette avslaget for å fordele de fem millionene. Dere trenger ikke å gjøre noe for å vurderes igjen.

Lykke til videre med prosjektet!

Vedtaket kan påklages til Klima- og miljødepartementet innen 3 uker fra mottakelse av dette

# Sakspapir

Sak

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 048/17 | Formannskapet | PS | 15.06.2017 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | FA - K21 | 17/317 |

**Strandryddinga i Austrheim- Kostnadar med transport av friviljuge og plastavfall**

**Vedlegg:**

Aksjonsplan 2017, Austrheim kommune

Dokument1

Strandrydding i Austrheim kommune

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet løyver opptil kr. 50.000 til opprydding av strendene i Austrheim kommune. Løyvinga er til dekking av utgifter som organisasjonen Neptun har i samband med transport av born/elevar til oppryddingstader, og til dekking av faktiske utgifter med transport med båt av plast/avfall til kai. Kostnadar kr. 50.000 vert dekka frå post 13 149038011905, tilleggsløyving formannskapet. Revidert godkjent rekneskap skal leggjast fram innan år 2017 frå organisasjonen Neptun pensjonistklubb. Formannskapet viser elles til rådmannen sine vurderingar i saka.

**<u>Formannskapet - 048/17 - 15.06.2017</u>**

**FS - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

Kobbevik og Furuholmen oppdrett AS Austrheim 24.mai 2017

**Søknad om støtte til strandrydding i Austrheim kommune**

Organisasjonen Neptun pensjonistklubb gjer eit stor arbeid med strandrydding i Nordhordland. Dei fekk avslag på sin forventa søknad om støtte frå Miljødirektoratet til dette ryddearbeidet. Søknaden deira dit var på 463.500 kroner (vedlagt). Miljødirektoratet valde å gje om lag 1/3 av midlane sine øyremerka til dette føremålet til heilt andre prosjekt enn praktisk strandrydding. Det er positivt om Kobbevik og Furuholmen oppdrett kan gjeva støtte til dei som no gjer dette praktiske arbeidet med transport av friviljuge strandryddarar, og transport av boss/plast til avtalte mottak ved kaiar her. Neptun har og økonomiske utgifter til dette transportarbeidet no, men Austrheim kommune hjelper til i dette spleiselaget.

Det er til dekking av utgifter til transport av friviljug mannskap og boss frå strendene våre organisasjonen Neptun treng støtte til. Det praktiske dugnadsarbeidet er sjølvsagt gratis. Aksjonen til organisasjonen Neptun er truleg den største i Norge i friviljug strandrydding. Tidleg i april starta Neptun Pensjonistklubb, i tett og godt samarbeid med Austrheim kommune og NGIR, arbeidet med eit stort ryddeprosjekt i strandsona. Og strandsone har Austrheim kommune mykje av. Noko fastland nord på Lindåshalvøya, og i tillegg er det 489 holmar og skjær, til saman 433 km. strandlinje. Neptun har kartlagd dei mest forureina vikane, hovudsakeleg mot Fedjefjorden og Fensfjorden, men og elles rundt omkring i heile Austrheim. Strandområdet har Neptun delt inn i 12 soner, med hovudansvarleg person i kvar sone. (Dette opplegget har også andre kommunar i regionen no "kopiert".)

Neptun har også sett opp ei liste med friviljuge båteigarar for å delta med skyss. Det er eit svært godt engasjement både frå privatpersonar og bygdelag. Me må likevel framheva barnehagar og skulane. Begge barnehagane i kommunen er med. Begge grunnskulane, Kaland og Årås, deltek med alle klassane frå 1. til 10. klasse (!), og heile Austrheim vidaregåande skule (om lag 270 elevar).
I tillegg har Knarvik vidaregåande skule på eige initiativ teke kontakt med oss, og vil delta med ca. 50 elevar + lærarar i dag onsdag den 24. mai. Imponerande. Dei vidaregåande elevane frå Knarvik vil verta skyssa av Fonnes Båtservice frå kaien på Baløy og ut til Rongevær kl. 0930. Der vert dei så skyssa med småbåtar rundt om i øyane der ute. Strandryddearbeidet vil halda fram til hauststormane kjem i oktober 2017.

Austrheim kommune legg ved søknad til Miljødirektoratet og ein oversikt over kva arbeid Neptun gjer saman med barnehagar, grunnskular og dei vidaregåande skulane i Nordhordland. Det er og mange andre lag og frilviljuge som samarbeidar med Neptun i dette praktiske strandryddar arbeidet. Austrheim kommune vonar at Kobbevik og Furuholmen oppdrett kan gjeva Neptun eit tilskot på kr. 200.000 til dette viktige miljøarbeidet. Dei har kontonr. 3490 60 01677. Organisasjonsnr. er 999163556.

Idar Hopland som er leiar Neptun Pensjonistklubb har telefon 91149892. De kan ta kontakt med han om de har spørsmål til strandryddararbeidet deira. Han kjenner ikkje til denne søknaden som Austrheim kommune no sender på vegne av ein organisasjon som me er stolte over å ha i kommunen vår. Medlemmane i denne organisasjonen kjem frå dei fleste kommunane i regionen. For å gje dykk eit bilete av omfanget av skulane sin deltaking i aksjonen, vedlegg eg aksjonsplanen til organisasjonen Neptun. Der vil de sjå at ved utgangen av juni 2017, vil omkring 700 elevar ha vore i aksjon!

Med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar plan, bygg, miljø og oppmåling
(56162141)

**Kobbevågen og Furuholmen Oppdrett AS** **kr. 100.000 tilskot**

**Lingalaks AS** **kr. 20.000 tilskot**

**Blom Fiskeoppdrett AS** **kr. 25.000 tilskot**

Gmail Idar Hopland <idar.hopland@gmail.com>

**Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS som held til i Åråsvågen - Børildosen vil gjeva dykk 100.000 kroner**

1 e-post

**Asbjørn Nagell Toft** <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no> 20. juni 2017 kl. 14:58

Til: "idar.hopland@gmail.com" <idar.hopland@gmail.com>

Kopi: Per Lerøy <Per.Leroy@austrheim.kommune.no>

Til Idar Hopland

Ikkje få sjokk no I

Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS som held til i Åråsvågen - Børildosen vil gjeva dykk 100.000 kroner i økonomisk støtte til det flotte arbeidet dykkar med opprydding i strandsona.

Dei ringte meg for om lag 5 minutt sidan og kunne fortelja meg det. Midlane vert truleg overført i neste veke kunne dei opplysa meg om. Det var Ingebrigt Landa som opplyste meg om dette i dag.

Gratulera så mykje Neptun! Det er velfortent. Sikkert lurt å halda det for deg sjølve til alle ryddegutta treffes på sosialt samvære på Jonsokafta i Kilstraumen, men det gjer du Idar som du vil med.

Med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft

Avdelingsleiar

(56162141)

Neptun Pensjonistklubb
Kvalvågen 76
5943 AUSTRHEIM

Trondheim, 14.07.2017

| Deres ref.: | Vår ref. (bes oppgitt ved svar): | Saksbehandler: |
|---|---|---|
| 17010796 | 2017/2774 | Martinsen, Mari Kristin |

# Utbetaling av tilskudd - Strandrydding i Nordhordland og Gulen - Avtalenummer 17010796

Det vises til deres søknad om tilskudd av 01.03.2017 med referansenummer 17S49F23. Det er søkt om et tilskudd på kr 493 500. Miljødirektoratet har behandlet søknaden, og vil utbetale et tilskudd til tiltaket.

Miljødirektoratet har vurdert at søknaden tilfredsstiller de kriterier som skal være oppfylt for å kunne få statlig støtte fra tilskuddsordningen "Tilskudd til tiltak mot marin forsøpling", jf. utlysning av 23. februar 2017.

I utlysningen orienterer vi om vilkår for tildeling fra tilskuddsordningen «Tilskudd til tiltak mot marin forsøpling». I årets søknadsrunde mottok Miljødirektoratet 206 søknader med et samlet søknadsbeløp på i overkant av 200 millioner kroner.

Denne tilskuddsordningen hadde opprinnelig en ramme på 35 millioner kroner. Det har derfor vært nødvendig med en streng prioritering ved vurdering og fordeling av tilskuddsmidlene, som førte til at dere fikk avslag på deres søknad. I revidert nasjonalbudsjett fikk Miljødirektoratet bevilget ytterligere 25 millioner til tilskuddsordningen, og vi har behandlet på nytt søknader som tidligere har fått avslag, og søknader som ikke har fått bevilget hele søknadssummen.

Miljødirektoratet bevilger 250 000 kroner, og prosjektet kan nedskaleres deretter. Utbetalingen utføres i midten av august.

Midlene skal brukes slik det er beskrevet i søknaden og i tråd med vilkårene i dette brevet.

Hold Norge Rent er innvilget en refusjonsordning til transport og håndtering av herreløst marint avfall, som prosjektleder må dere påse at ingen kostnader som dekkes gjennom denne bevilgningen også søkes refundert av Hold Norge Rent.

B

BLOM
Fiskeoppdrett as

Bergen og Omland Friluftsråd

hold Norge rent

LINGA LAKS

AUSTRHEIM KOMMUNE

MILJØ-DIREKTORATET

NGIR

**Fra:** Ingeborg Sunde Møvik <Ingeborg.Movik@hfk.no>
**Sendt:** 29. mai 2017 19:06
**Til:** Per Lerøy; Idar Hopland
**Kopi:** Asbjørn Nagell Toft; vedaa@ngir.no
**Emne:** SV: Strandrydding.

Hei
Veldig kjekt å høre at dere er fornøyd med innsatsen. Vi er veldig imponert over måten dere har organisert strandryddingen på i Austrheim og det var ikke vanskelig for oss å melde oss til et slikt flott opplegg.

Vi hadde en flott og meningsfull dag der vi fikk bidra til plastrydding samtidig som vi fikk en fin og sosial dag sammen.

Jeg skal bringe videre tilbakemeldingen fra dere til elevene og medarbeiderne på avdelingen.

Lykke til med videre arbeid☺ ... og vi er gjerne med en annen gang også.

Med helsing

**Ingeborg Sunde Møvik**
Rådgjevar Tilrettelagt Opplæring

KNARVIK VIDAREGÅANDE SKULE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Juvikstølen 9 | 5916 Isdalstø
975 13 124
ingeborg.movik@hfk.no | http://knv.hfk.no



Hi!

You have found a poem in a bottle.
It was thrown into the sea on Nov. 7, 2014
beside Eigerøy Lighthouse on Eigerøy, Rogaland,
SW Norway.

Please contact me and let me know
where you found it. However, if you don't want
to contact me, please throw the bottle back
into the sea so it can travel on.

Peace and Love, Leah Horwood

leahhorwood@hotmail.com
mobile: (47) 90176435
mailing address: Ytstebrød vn. 517B
4374 Egersund
Norway

you can also find me on Facebook

PS. For every bottle I throw into the sea
I pick up several pieces of garbage
off the beach. I hope you also
clean up some garbage where you
found my bottle ☺


EVJEGRIS






MERCURY

OPPLEV

# AUSTRHEIM

### Turløypa Hoplandsmarka - Fosnstraumbrua - Kvernhusvågen - Litlålindåsgarden.

### Turløype i Øksnesmarka, Rebnor / Årås / Øksnes.

### Turløype til Vardetangen, Noregs vestlegaste fastlandspunkt

### Turløype Kystlandsbyen Bre… - Solenaset.

### Turløype på Søre Njøta.

### Turløype Lerøyna rundt

### Turløype på Krossøyna

Turen startar på parkeringsplassen, og går gardsvegen forbi busetnadshusa, og vidare merka løype nordover. Utsiktspunkt på Storhaugen. Unikt naustmiljø ombat på ... side, er vendt eit besøk.

### Turløype på Litlås




Fakta om
## AUSTRHEIM

I Austrheim finn du det vestlegaste punktet av fastlandsnoreg, Vardetangen, som ligg på 4°56 43,162 Ø, 60°48 35, 614 N.

Austrheim er den nordlegaste kommunen i Hordaland. Kommunen består av 489 øyar, holmar og skjer, og ein bit fastland, og har om lag 2800 innbyggarar og eit areal på 56 km2.

Austrheim er eit øyrike med 433 km strandline; det meste av denne strandlina er tilgjengeleg for alle, om du bur her, eller kjem på besøk med båt eller bil. Skjergarden er innbydande med holmar, øyar, tronge sund og lune vikar.

Like karakteristisk for Austrheim er det låge kulturlandskapet med lyngheiene som frå vikingtida prega kysten av Europa frå Portugal i sør, til Noreg i nord. Høgaste punktet i kommunen er Litlåsfjellet, 109 m o h.

Austrheim er ein moderne, godt utbygd industrikommune. Mongstad området, som ligg både i Austrheim og Lindås kommunar, er eitt av dei største og mest varierte industriområda i landet med om lag 3000 arbeidsplassar. Statoil Mongstad raffineriet er største bedrifta i området.

I Austrheim finn du og nokre av dei største og eldste steinalderbuplassane i Noreg. Ved straumane her ute har folk livnært seg av fangst og fiske i meir enn 9000 år (Strilesoga 1). Berre ved Fosnstraumen er det registrert 53 buplassar. Fosnstraumen er framleis ein sikker fiskeplass.

Bøker om
## AUSTRHEIM

Turar i Austrheim av Knut Langeland (2002). Ei reise mot velferd og velstand, 100års-jubileumsbok for Austrheim kommune av Terje Ø. Dyrnes og Lilian Eltvik (2010).
Sjøfarten i Austrheim av Dag Bakka jr (2009). Bygdebøkene for Austrheim av Arvid Skogseth (2000 – 2006). Det gode liv i Austrheim, bu, jobb, fritid. Brosjyre / 2007

Alle desse bøkene kan du kjøpe på Servicekontoret på kommunehuset, i bokhandelen på Mastrevik Torg, eller låne på biblioteket.

Reglar for
## FRILUFTSLIV

Allemannsretten er den retten alle har - uavhengig av eigedomsforhold - til ferdsel, opphald og aktivitet i utmark.
Utmark - det vil i praksis seie - det meste av strender, svaberg, vatn, myrar, hei, skog og fjell i Noreg. Du har og rett til å plukke bær, sopp og blomar.

I innmark kan du gå over åker og eng når dei er tilfrosne eller dekte av snø.

**Utmark er:** alt som ikkje er innmark.

**Innmark er:** Hus-/hyttetomt, gardsplass, hage, dyrka mark, kulturbeite og skogplantefelt.

Allemannsretten er nedfelt i Friluftslova av 1957. Allemannsretten er eit gratis fellesgode. Retten er tufta på at du skal vise omsyn til grunneigarar og andre brukarar, og ha respekt for naturen.

**Ver merksam på:**
Bruk av eld i skogsmark er forbode 15. 4. til 15. 9. Generell båndtvang for hund heile året. Jakt og fiske i ferskvatn inngår ikkje i allemannsretten (fiskekort). Hugs å late att led og grinder.

**Langs kysten :**
Pass på fartsgrensene. Det er ikkje lov å bruke kai eller brygge utan løyve frå eigaren.

I sjøfuglreservata er det forbode å gå i land frå 15. 4. til 15. 7. Sjå kart.

**Motorferdsel:**
Motorferdsel i utmark er i utgangspunktet forbode. Eigar av privat veg kan forby køyring og parkering langs vegen.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Rasteplass *Picnic area* | | Toalett *Toilet* | |
| Badeplass *Swimming* | | Marina *Marina* | |
| Kajakk *Kayak* | | Severdighet *Destination* | |
| Stuping *Diving* | | Ferje *Ferry* | |
| Turgåing *Hiking* | | Parkering *Parking* | |
| Bensin/driv *Petrol/fuel* | | Cafe/Restaurant *Cafe/Restaurant* | |
| Informasjon *Information* | | Overnatting *Sleepover* | |
| Kajakk *Kayak* | | Kyrkje *Church* | |
| Turstier *Hiking paths* | | Destinasjoner *Destination* | |
| Sykkeltur *Cycling* | | Fuglereservar *Bird reserve* | |

## Austrheim
- opne landskap, ope sinn

Målestokk *scale* 1:25000

Ekvidistanse *contour intervals* 20 m


KARTGRUNNLAG:
MARKARBEID:
TEMAINFORMASJON:
LAYOUT/DISPONERING:
KARTOGRAF:
TRYKK:
PRODUKSJONSÅR:



2
Svartskjervågen
Storenesvågen
Torvnesvågen
Klufti
28
Børilden
Grunn-
osen
18
18
18
Storestongi
Krabbesundet
Litlestongi
31
Børildosen



5 Ottar
3 Øystein
4 Atle
6. Odd
7
Svehaugen
Kuøyni
Skagøyni
Kusundet
Brimsundet
Nesholmen
Ørnhaugen
Rongevær
Vardholmen
Vardholmsundet
Ditlaholmen
Kostevågen
Sauøyparten
Ramsholmen
Sauøyni
Sjøbuosen
Kalvetrætåni
Souskjeret
Bukkholmen
Rong

Idar.

Vedrørande strandrydding:

Eg har gått over. dei fleste plassar som har blitt rydda. Resultatet er strålande. Reine vikar. Trematerialer (rusk) er samla i haugar. Desse kan me lokalt få ordna opp med over tid.

Vedlagt kart som er merka grønt punkt for ferdig rydda.

På vegne av grunneigarane takkar eg Neptun klubben for tiltaket og det samfunnsnyttige. med ungdomar som lærer gode haldningar

Helsing - Øystein Longvær.






SUZUKI

## Ryddeaksjonen steg for steg.

1. Alle som vil vera med å rydda tek kontakt med Neptun. Kontaktperson: Idar Hopland, 91149892, e-post: idar.hopland@gmail.com.
2. Båtførarane har kart over ryddeområda. Område der det er registrert mykje boss er merka med raudt på kartet. Når eit område er rydda, skal båtførarane merka dette med grønt i kartet og få dette rapportert inn.
3. Det er i hovudsak plast som skal ryddast, men også sprayboksar og trykkimpregnerte materialar bør samlast inn. Plast vert her rekna som restavfall.
4. Sprayboksar samlar ein i ein sekk for seg og trykkimpregnerte materialar legg ein ved sida at søppelsekkane på oppsamlingsplassen.
5. Plast og trykkimpregnerte materialar må ikkje brennast ute i naturen. Dersom ein også ryddar vanleg trevirke frå strendene, kan dette brennast på staden når det vert gjort på forsvarleg vis.
6. Alt maritimt avfall vert samla på oppsamlingsplassane som vert oppretta for aksjonen. Ta gjerne kontakt med Neptun for meir informasjon.
7. Det er mykje tauverk og garnrestar i fjærene våre og dette kan vera ei utfordring for bossbilane og maskineriet på bossanlegget i Kjevikdalen. Slikt avfall må derfor samlast og lagrast slik at sjåførane ser dette når dei hentar avfallet.

Austrheim legekontor 56168200
Legevakten tel. 116117 (113)
Fedje trafikksentral 56164420 56164550
„Evjegris" ved J. Oksnes 97764171
Redningsköyta "Utvær" : 91679694

# Strandrydding 2017, Austrheim kommune. Sist endra: 21.06.17

| Dato | Klasse Skule | Tal, elevar +vaksne | Område | Kontaktperson, skule | Frammøtestad. | Neptun. Områdeansvarlig kontaktperson ført inn med **Utheva** skrift. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tirsd. 02.05. | 2. klasse Årås | 22 + 2 | Vikane, Gassevågen<br>Ferdig rydda | Anders Bergsland | Kl. 1000 Snuplass Vikane | **Håkon Sætre**, Egil Budal |
| Tirsd. 09.05. | 3. klasse Årås skule | 24 + 4 | Fabrikkfjæra, Kansardalsfjæra m.m.<br>Ferdig rydda | Justina Rundeniene | Kl. 1000 Parkeringsplass ved fabrikken, Mastrevik | **Håkon Sætre**, Idar, Jostein, Magnus F., Erling |
| Fred. 19.05. | 8. og 9. kl. Kaland | 30 + lærarar | Storestongi<br>S.g.s. ferdig rydda | Petter Johannessen B. Gullaksen | Kl. 1000 Stavesundholmen | **Håkon**, Magnus F., Magnus V., Jostein, Inge L., Idar |
| Fred. 19.05. | 1. klasse Årås | 28 + 4 | Langøy, Kartområde 7 og 8<br>Ferdig rydda | Erna Langøy Elisabeth Vågenes | Kl. 1000 Langøy kai. (Treng ikkje båttransport.) | **Atle Langøy** Odd Øksnes |
| Fred. 19.05. | 1. – 4. kl. Kaland | Ca. 50 totalt | Kalandsjøen<br>Ferdig rydda | Eldbjørg Bakke | Kl. 1200 | **Malvin Gullaksen** Treng ikkje båt |
| Mand. 22.05. | 4. klasse Årås | 12 + 1 | Store Langøy<br>S.g.s. ferdig rydda | Ragnhild L. Johansen | Kl. 1000 Sævrøy ferjekai. | **Ottar Sætre**, Kåre, Atle |
| Tirsd. 23.05. | 6. klasse Årås | 26 + 4 | Litlestonga<br>Ferdig rydda | Marit Helen G. Skoge, Trude Bertelsen | Kl. 1000 Stavesundholmen ( Kvalvågen ) | **Håkon**, Erling, Egil B.,Inge L., Magnus V., Idar |
| Onsd. 24.05. | Knarvik VGS | 50 + 5/10 | Rongevær. Kartområde 4.<br>Ferdig rydda | Ingeborg Møvik Rådgiver. Tlf. 57308152 ingeborg.movik@hfk.no | Baløykaien. | **Idar Hopland.** Øystein, Leif K., Atle, Håkon, Mikal, Arne F., Andreas, Roald "Evjegris", "Feminin" |
| Tirsd. 30.05 | 7. klasse Årås | 25 + 2 | Børilden nord<br>S.g.s. ferdig rydda | Grethe Monslaup | Kl. 1000 Stavesundholmen | **Håkon**, Jostein, Magnus F., Egil B., Erling, Idar |
| Torsd. 01.06 | 5. klasse Årås | 29 + 3 | Øyane, kartområde 7<br>S.g.s. ferdig rydda | Bjørn Inge H. Dyrkolbotn, Berit Ones | Kl. 1000 Rebnorskaien | **Ottar**, Odd, Kåre, Atle, Arne, Idar, "Evjegris" |
| Fred. 02.06. | 7. klasse Kaland | 14 + lærarar | Hegrevikane<br>Ferdig rydda | Eldbjørg Bakke | Kl. 1000 Kalandkaien. | **Malvin** , Ole, Arnt, Arild |
| Fred. 09.06. | 5. klasse Kaland | 16 + 1 (?) | Fonnes vest<br>Ferdig rydda | Eldbjørg Bakke | KL. 1130 Molokaien (Fonnes) | **Malvin**, Arild |
| Fred. 09.06. | 6. klasse Kaland | 17 + 1 (?) | Ervikane<br>Ferdig rydda | Eldbjørg Bakke | Kl. 1130 Molokaien (Fonnes) | **Malvin**, Arnt, Ole |
| Fred. 09. 06 | 8. klasse Årås | 23 + 2 | Børilden, område 2<br>S.g.s. ferdig rydda | Karl Ludvig Daae, Marianne Steinsland | Kl. 1000 Stavesundholmen | **Håkon**, **Idar** |
| Fred. 09.06 | 9. klasse Årås | 27 + 2 | Øyane, område 5<br>S.g.s. ferdig rydda | Tone H. Ratcliffe Hanne Daae | Kl. 1000 Baløykaien | **Ottar**, **Atle** |
| Tirsd. 13.06. | 10. klasse Årås | 18 + 2 | Rongevær<br>Ferdig rydda | Evy Sætre, Irene Iversen | Kl. 1000 Baløykaien | **Øystein Rongevær** "Evjegris", "Feminin" |
| Tirsd. 20.06. | Austrh. Kystbarne hage | Ca. 30 + tilsette | Njøtøyna<br>Ferdig rydda | Britt Ystebø | Kl. 1030. Mastrevikkaien | **Håkon**, Erling, Leif Sætre, Idar, "Barnehagebåten" |
| Torsd. 22.06. | Austrh. VGS, 1. og 2. klassar | Ca. 150 elevar + lærarar | Sjå eigen plan av 12.06.17 | Julie Trømborg Tlf. 45127061. | | |

**Strandrydding 2017-Austrheim vidaregåande skule torsdag 22. juni. Elevane møter på skulen til vanleg tid.**

**Vi prøver å få skyssa alle ut til kl. 10.00. Det er ikkje lov å ha med hund !!!!**

| Dato | Klasse | Lærarar | Tal, elevar + lærarar | Område | Frammøtestad | **Neptun,** områdeansvarlig kontaktperson ført inn med **utheva** skrift. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 22.06. | 2A,HTA, KOS, TAF 2, TAF 3 | **Mona, Julie, Anne, Sturla, Merethe** | 25 +5 | **Lerøy**<br>Landfast, men kan verta bruk av småbåtar<br>**Fornuftig med flytevest** | Lerøykaien<br>Minibuss frå AVG ca. 0930.<br>Retur etter avtale. | **Per Lerøy,**<br>**Tlf.94506747**<br>Berre "fottur" ?<br>Antal vaksne hjelparar ? |
| 22.06. | KØ, HO | **Nora , Arve, Anita, Frode N.K. , Henrik,** | 25+5 | **Kartområde 9 og 7, Austrheim**<br>**Husk flytevest** | Austrheimvågen Småbåthavn (Tressbakken)<br>Minibuss frå AVG ca. 0930.<br>Retur etter avtale | **Ottar Sætre**<br>**Tlf. 48241058**<br>+ 5 - 6 småbåtar |
| 22.06. | EL,BYA1 | **Rune, Roy Asle, Siv, Martine, Elisabeth,** | 25+5 | **Kartområde 3 og 8**<br>**Husk flytevest** | Langøykaien | **Atle Langøy**<br>**Tlf. 90992810**<br>5 – 6 småbåtar |
| 22.06. | RM, PIT,BYA2 | **Erik Hervik, Jarle, Åshild, Cato, Tore** | 25+5 | **Kartområde 8, Øksneset**<br>**Husk flytevest** | Øksneskaien | **Jan Øksnes,**<br>**Tlf. 97764171**<br>5 – 6 småbåtar |
| 22.06. | TipA, BU | **Svein, Frode J.H. Linda, Jørund, Brita** | 25+5 | **Veifyllingar og viker**<br>Strekninga Bukkholmbrua – Baløy<br>Litt vandring langs vei<br>**Husk refleksvest** | Avkjøring h. side etter Bukkholmbrua<br>Minibuss frå AVG ca. 0930.<br>Retur etter avtale | **Jorunn Fimreite,**<br>**tlf. 91716215**<br>Neptun deltar med<br>3 - 4 stk. "patrulje/assistansebilar". |
| 22.06. | 1A | **Kamila, Stein, Stian, Hege H., Rannveig** | 25+5 | **Veifyllingar og viker**<br>Strekninga avkjørsel til Langøy – Krossøy<br>**Husk refleksvest** | Avkjørsel til Langøy | **Håkon Sætre**<br>**Tlf. 90076963**<br>Neptun deltar med<br>3 – 4 stk. "patrulje/assistansebilar" |

**SNU !!! Sjå neste side !!!**






Nordhordland har betalt ein høg pris med ulykker/hendingar som: (Server på Fedje, Kvikksølvubåt, Sløvåg/Vest-tank eksplosjonen og Trafigura, Marte, Braer.

**++ mykje plast rek i land her!** **- <u>Austrheim har erfaring for førebygging/opprydding!</u>**



**Ordføraren Per Lerøy er bekymra for miljøet i havet, plasten og ureininga!**
***-Planleggja og arbeida saman er viktig, seier han!***

**-Politikarane i Austrheim har løyvd kommunale midlar til opprydding og prioritert dette høgt administrativt. Alle einingsleiarar har fått oppmoding om å delta!**

**-Politikarane er viktige for eit reint hav, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt!**








Krossøyna
Rongevær
Børilden
Fedjefjorden
Kuøyna
Nordreskjeret
Skagøyna
Brimsøyna
Gygre
Nautøyna
Horsøyna
Litleboen
Sønga
Kalven
Storeboen
Lyngøyskjera
Lille Langøyna
Hovden
Fedje
Rognsneset
Rognsvågen
Senokseskallen
Langøyskallen
Grunnosen
Rebnes



# Strandrydding 2017 i Austrheim kommune

Den store samordna ryddeaksjonen i heile Austrheim kommune er no godt i gang. Begge barnehagane, begge grunnskulane og Austrheim vidaregåande skule har delteke med godt over 600 elevar og lærarar ! Ein klasse frå Knarvik vidaregåande skule har også vore med. I tillegg har både privatpersonar og bygdelag delteke. Så langt er det samla inn bortimot 15 tonn (!) marint avfall. Imponerande. Neptun Pensjonistklubb og Austrheim kommune , som står bak den samordna aksjonen, er imponert over innsatsen så langt.

Aksjonen er likevel ikkje avslutta. Den skal halda fram til 30. september i år, og me oppmodar difor alle som er ute i båt i sommar om å ha med ein rull strandryddingssekkar i båten – og bruka dei !
I heile sommar vil det stå ein konteinar på kaien i Langøy og ein på Stavesundholmen (i Kvalvågen)
Marint avfall handsamast særskildt hjå NGIR, og hushaldningsavfall og anna må **ikkje** kastas i desse kontainarene.
Strandryddingssekkar får ein på servicekontoret på kommunehuset, og hjå Neptun Pensjonistklubb.
Alle opplysningar om aksjonen er å finna i informasjonen alle husstandar i kommunen fekk tilsendt tidlegare i vår, men me tek likevel med det viktigaste her:

1. NGIR ynskjer ein systematisk aksjon, og difor oppmodar me alle som vert med og ryddar i sommar å ta kontakt med Neptun Pensjonistklubb ved Idar Hopland, tlf. 91149892, e-post: idar.hopland@gmail.com.

2. Det er i hovudsak plast som skal ryddast. Plast vert her rekna som restavfall. Impregnert treverk tek ein også med. Legg desse materialane attmed kontainarane. Anna rekved plasserar ein over flomålet, tar med seg heim eller lagar bål i fjæra om det er på ein brannsikker stad. Sprayboksar, hermetikkboksar og anna metall sorterar ein i eigen sekk.
   Det er svært mykje trosser, tauverk og garnrestar i fjærene. Slikt avfall er svært skadeleg for dei store kvernene til NGIR, og det er difor svært viktig at slikt avfall sorterast i eigne sekkar.

3. Alle områder i heile kommunen som vert rydda, skal også registrerast på oversiktskartet til NGIR. Det er difor svært ynskjeleg at du tek kontakt med servicekontoret til kommunen eller Neptun Pensjonistklubb for å få registrert kvar du har rydda. Du kan også registre det sjølv på NGIR sine heimesider. Sjå informasjonen du fekk i vår, eller ta kontakt med oss.

Lukka til med ditt viktige bidrag til å gjera den flotte skjærgarden vår så rein me kan få det til !

God sommar !!

Beste helsing

Idar Hopland
Leiar Neptun Pensjonistklubb

Per Lerøy
Orførar Austrheim kommune

# Norges største strandryddeaksjon i ein kommune?

Omlag 600 born og unge har teke del i aksjonen i løpet av våren 2017 og fram til i dag.
I tillegg har Neptun pensjonistforening delteke med stort mannskap og mange båtar.
Lag og privatpersonar i Austrheim har og bidratt! **24 tonn plast er samla opp!**





# STRANDRYDDING 2017









*Me må sjå framover og planleggja saman kor me skal rydda strendene.*

*Me treng mange folk, store og små som vil og kan rydda.*

*Me treng nasjonale og internasjonale avtalar som hindrar at plast kjem i naturen/havet og i vårt felles matkammer*